



-Berre ein gong tidlegare har vi hatt eit betre resultat i bedehusbasaren, melder indremisjonen etter dagens årlege basar som vart ein suksess trass i det vonde veret. 32365 kroner lyder summen medan fjorårets nestbeste resultat stoppa på 29406. Så møtte det da også fram 60 som var svært villige til å kjøpa lodd og årar. Summen går rett inn i drifta av eit ekspansivt bedehus som er rusta opp mykje i det siste.

Basaren gjekk inn i ein møteserie på 4 som forkynnar Kåre Johan Hamre frå Granvin har hatt her i bygda, og som han har gleda mange ved med si varme og positive forkynning. Han er ein velkommen gjest som har vore her mange gonger.

I programmet var det også ei overdådig matøkt.

På biletet over sel Svanhill Haugland lodd til mellom andre Hamre, medan han har preika si under.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

